



Nynorsk mediesenter

Status per 24.06.2008



Gode søkeratal, mest vestlendingar

- Det var 53 søkerar til niande kullet med nynorskpraktikantar, og det er på høgde med dei tala vi hadde til første og tredje kullet i 2004 og 2005. Vi kunne godt ha tilsett to kull denne gongen, men håpar mange søkerer på nytt 15.oktober, seier Magni Øvrebotten.



Niande kullet med nynorskpraktikantar frå 25.08.2008 til 28.02.2009. Frå venstre : Steinarr Sommerset (1983), frå Vanylven, Magnus Stokka (1985), frå Suldal, Ann-Iren Finstad (1980), frå Gloppen, Erling Korsnes (1984), frå Haram og Samina Bruket (1985), frå Bryne.

To frå Rogaland, to frå Møre og Romsdal og ein frå Sogn og Fjordane, tre menn og to kvinner, kom inn på det niande kullet. Av dei 53 søkerane var det berre fire som ikkje hadde opphavleg adresse i eitt av dei fire fylka på Vestlandet. – Dette avspeglar nok mykje stoda for nynorsken, men vi kjem framleis til å leite med lys og lykter etter nynorskbrukarar frå resten av landet, som kan eigne seg som journalistar. Men når vi tilset må vi ta utgangspunkt i den søkerbunken vi har og tilsette dei vi trur eignar seg best, seier Øvrebotten. Dette er i korte trekk bakgrunnen til niande kullet :

Samina Bruket: For fyrste gong har vi med på laget ein nynorsk-praktikant med anna enn norske røter. Rogalendingen Samina Bruket har mor frå Stord og far frå Pakistan, der ho budde som litra. – *Eg snakkar diverre ikkje morsmålet til far min flytande, men eg skjønar det og føler at eg har ein fot i kvar av dei to kulturane mine. Mor mi var målkvinne, så eg har alltid hatt nynorsk i skulen*, seier Samina Bruket. Ho er ferdig med BA-grad i historie ved Universitetet i Stavanger, har elles studert sosialantropologi og arbeidd i barnehage.



Ann-Iren Finstad; Har ein Mastergrad i kultur- og samfunnsvitskap med spesialisering i medievitskap frå Universitetet i Bergen. Ho skreiv Masteroppgåve om lanseringsjournalistikk og BA-oppgåve om "Nynorsk i NRK". Deskmedarbeidar på biletdeskjen til TV 2 nyhenda i Bergen, der ho driv med research, publiserer saker på TV 2.no og tek hand om biletarkivet.

Erling Korsnes: Nett teke BA-grad ved NTNU i Trondheim, med fyrstefordjuping i medievitskap og andrefordjuping i statsvitskap. Han har arbeidd i studentradioen dei to siste åra, som nyhendelesar, reporter og programleiar. Sommarjobb i NRK Trøndelag.

Steinarr Sommerset: Ferdig med BA-grad i musikkteknologi og medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. Han har vore journalist for studentavisa "Under dusken" og essayist for lokalavisa Synste Møre, og manusfrittar og produsent på tre kortfilmar.

Magnus Stokka: Har fullført BA-grad i journalistikk denne våren. Avisutdanning frå Gimlekollen og studert statsvitenskap ved Universitetet i Oslo. Han er tilkallingsvikar i Vårt Land og har arbeidd i Suldalsposten. Har også vore informasjonskonsulent for mållaga på Agder.

Ei veke att som nynorskpraktikantar



Frå venstre: Marit Holmquist Fenne har praksis i "Sånn er livet" i NRK P2 og Olav Arne Nedrelid, i NRK Møre og Romsdal. Eivor Brandseth er sjukmeld, men skal ha praksis i NRK Sogn og Fjordane, når ho er frisk att. Roger Bruland er i NRK Utanriks og Elin Thingvoll Berge i www.nrknyheter.no.

Åttande kullet har hatt ekstern praksis frå 5.mai til 30 juni, og held no fram som sommarvikarar/tilkallingsvikarar eller vikarar der dei har vore. Her er oppsummeringa av halvåret frå fire av dei :

Marit Holmquist Fenne: - *Frie tøyler og trygge rammer i "Sånn er livet". Eg har likt meg svært godt her og er difor veldig glad for å kunne halde fram som sommarvikar i heile juli. Redaksjonen har eit ope og inkluderande miljø, det er lett å be om hjelp til både faglege og praktiske ting. Som journalist er det nesten ikkje grenser for kva du kan jobbe med: det er format og vinkling meir enn tema som avgjer. Samstundes som eg likar meg godt her, er eg veldig glad for å ha erfaringane frå Førde med meg. Der fekk eg og prøve meg på mykje forskjellig: både ulike format og plattformer og det gjer at eg føler eg kan driste meg rundt til andre plassar her på huset på Marienlyst. Dessutan arbeider redaksjonen i Førde på ein anna måte enn her, og det er fint å vite og vere budd på ulike arbeidsformer.*

Elin Thingvoll Berge : - *Eg kan nesten ikkje tru at tida som nynorskpraktikant er over. Det siste halvåret har gått unna i rekordfart og eg har lært meg utruleg mykje på kort tid. Takka vere god opplæring i Førde har eg glidd rett inn i arbeidet på multimediasken på Marienlyst. Eg har fått mange utfordrande oppgåver og har jobba både som fleirmedial reporter, videojournalist og fotograf, i tillegg til å ha ansvar for framsida til nrknyheter.no. No har eg takka ja til sommarjobb og eit halvt års vikariat vidare her.*

Olav Arne Nedrelid : - *Når eg tenkjer tilbake på tida på Nynorsk mediesenter, er det første som slår meg at den har gått forbausande fort. Det andre som har slår meg er at læringskurva har vore høg. Samtidig har eg fått eit heilt anna syn på språket. Det tok lang tid før eg greidde å legge av meg det akademiske språket eg hadde tileigna meg gjennom utdanning. At frasene som skulle lesast var*

ein ting, men det eg seier skal også forståast. Det har vore svært givande å få ta del i opplæringa. Du har fått oppgåver og du har vore nøydt til å ta ansvar. På den måten lærer ein raskt og effektivt. Eg er svært glad for dette halvåret.

Roger Sevrin Bruland : - Halve jobben som praktikant i utanriks, er å bli kjend. Først og fremst bli kjend med folket du skal arbeide saman med, så kjend med rutinane og så omsider kjend med verda. Eg har hatt ein glimrande fadder i Øystein Heggen, som har gitt meg reelle arbeidsoppgåver, som eg trur det er få andre praktikantar forunt. Mellom anna som vakthavande på utanriks. Eller ujour, som det heiter på fagspråket. Denne jobben går ut på å samordne produksjonen frå korrespondentane i utlandet og utanriksreportarane med behovet til vaksjefane i Dagsnytt og i Dagsrevyen. Dette minner mykje om jobben som vakthavande offiser i Kosovo. Tilbod og etterspørsel må avpassast, samstundes, som eg må skjerme "folka mine" mot stressa vaksjefar. Eg har stor tru på at eg kan gjere ein god jobb som ujour, så lenge eg får nok trening i det. Men eg er særskilt audmuk i forhold til denne oppgåva !

Når det gjeld nyheitsproduksjon, har eg laga saker på alle tre plattformene. Dette gjer det mogeleg å fortelje alle slags historier. For der ei plattform ikkje strekk til, opnar ei anna opp for at historia kan bli fortalt. Dette har ofte med tilfang av råmateriale å gjere. Fjernsyn og radio treng råstoff, og då lever ein på nåden til kva byråa tilbyr. Internett på den andre sida, opnar opp for å kunne fortelje alle historiene ein har lyst til.

Gunnar Myklebust, sjef for NRK Utanriks, får representere dei som har hatt praktikantar frå åttande kullet:

- Også i år har utanriks i NRK hatt stor glede av praktikanten frå Nynorsk mediesenter. I nesten to månader har Roger Sevrin Bruland gått her saman med oss og arbeidd tilnærma som redaksjonens faste medarbeidarar. Han har produsert innslag både i Dagsnytt og Dagsrevyen og publisert nettartiklar. Og overraska nok dei fleste fordi han var så raskt produksjonsdyktig i alle mediene. Han var på radiolufta alt første arbeidsdagen. Det fortel oss at det var ein godt budd og svært motivert praktikant. Han har vist at han har gode kunnskapar og evne til å lære fort og tilpasse seg raskt – m.a. å holde deadline når han har fått eit oppdrag.

Nye faglærarar

Vaktsjef Olga Wergeland og fotograf Stein Lote vert vikarar for faglærar Randi Indrebø i haust. Ho har foreldrepermisjon. Det er to røynde medarbeidarar i NRK Sogn og Fjordane som skal dele på vikariatet. Olga vert med frå starten med kull ni, medan Stein Lote kjem inn dei vekene dei skal lære om fotografering. Geirmund Henjum er den andre faglæraren, i heil stilling.



Olga Wergeland (1965) har vore journalist i NRK Sogn og Fjordane sidan 1991, då ho var ferdig med journalistutdanninga ved Høgskulen i Volda. Stein Lote (1958) har vore tilsett i NRK sidan 1979, då han byrja på utdanninga som programingeniør. Han har arbeidd ti år i NRK i Oslo, elles i NRK i Førde.

KURSVERKSEMDA

Denne våren har vi hatt totalt sju kurs, fire i medietrening, to beredskapskurs og eitt i skriving for Internett. Det er mest offentlege verksemder som har hyra oss til kurs i år, som NAV, Fiskeridirektoratet, Fylkesmenn og fleire kommunar. Det er sameleis til hausten, som startar med medietrening for NAV, BKK og LO Stat og nettkurs hjå Fylkesmannen i Hordaland.



Kurs i skriving for Internett med tilsette i Norddal kommune 8.mai.

Det er halde berre to kurs etter førre statusrapport i mars, i Valldal og Bergen :

Ellevte tilsette i Norddal kommune på Sunnmøre fornya heile fyrstesida til kommunen den dagen dei lærde seg meir om skriving for Internett. Personalrådgjevar Per Ove **Nydal** oppsummerte kurset i tre punkt:

1. Det har teke bort terskelen for å legge ut på nettet og vist oss kor lett dette er.
 2. Det har gjeve oss råmer og reglar for å gjere informasjonen vi legg ut meir tilgjengeleg for leseren.
 3. Det har vist oss kor viktig Internett er som informasjonskanal og kor viktig det er å ha oppdaterte sider.
- *Vi har fått eit verktøy som vi kan og bør bruke. Gjennom dagen har vi fått masse nytige tips og den han vore til inspirasjon for oss alle, skriv Nydal.*

Det var Magni Øvrebotten som hadde kurset i Valldal.

Medietrening med Fiskeridirektoratet

- *Det beste medietreningskurset eg har vore på.* Det var tilbakemeldinga frå ein av dei mest røynde deltakarane på kurset vi hadde i Fiskeridirektoratet i Bergen 17.april. Kommunikasjonssjef Olav **Lekve** skriv at alle melde at kurset var nyttig og lærerikt, og svarte til forventningane. - Ein av deltakarane ynskte seg meir tilbakemelding i sjølve intervjustituasjonen, i trua på at det kunne rydde av vegen uheldig mimikk, osv. Tilbakemeldingane elles er at det var relevant, gode tilbakemeldingar frå kursansvarlege, lærerikt, avmystifiserande og profesjonelt opplegg. Det var åtte deltakrar på kurset, og kurshaldarar var Merete Husmo Høidal og Magni Øvrebotten.

Nynorskprisen for journalistar 2008



Nyhendeanker i TV 2, Odd Reidar Solem, får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2008. – Han har i fleire tiår skilt seg ut med å bruke ein levande og god nynorsk som journalist i avis, radio og fjernsyn. Solem er svært oppteken av korleis vi brukar språket vårt, og er sjølv eit godt føredørme, heiter det i grunngjevinga frå juryen. Leiar for juryen er Gry Molvær, ho har med seg sjefredaktør Tom Hetland og forfattar Olaug Nilssen. – Eg må vedgå at det kjennest godt å få denne nynorskprisen, seier Solem. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk og vert delt ut under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 26.juni. Det er tredje året prisen vert delt ut. Linda Eide i NRK og Kjell-Erik Kallset i Dagsavisen har fått han før.

Kan vi sminke oss på nynorsk ?



Det vert debatt om språket i kvinne- og trendblada i samband med utdelinga av Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar, i Aasentunet 26. juni kl.12.30. Kari Sørbø (til venstre) skal vere ordstyrar og i panelet sit redaksjonssjef Mari Midtstigen frå Elle, journalist Ingvild Kjøde i KK, forfattar Olaug Nilssen, som vart kåra til "Årets rollemodell" i Det Nye i 2006, og redaktør Hanne Aardal i Det Nye.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

89,7 % er journalistar

Vi legg vekt på å rekruttere folk som er sterke i trua både i høve til nynorsken og viljen til å bli journalistar. Det trengst for å lukkast i denne svært tettpakka opplæringa, og for å halde ut livet som vikar/tilkallingsvikar, ofte i årevis etterpå.

Åttande kullet er ferdig 30.juni, og då har vi sendt frå oss 39 nynorskpraktikantar sidan nyttårsskiftet 2004/2005. 35 av dei – eller 89,7 % - har per dags dato heil- eller deltidsarbeid som journalistar. Tyngda er i NRK. Fire tidlegare nynorskpraktikantar har så langt fått fast arbeid i NRK, seks har fått det utanfor NRK.

Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK.Nyheter.no, i Nitimen/Reiseradioen, Barnetimen, NRK P3, Musikkredaksjonen, "Sånn er livet" og Kulturnytt i P2 og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland og Troms og Finnmark.

Her er ei oppdatering av kvar det har vorte av nynorskpraktikantane frå dei åtte kulla:

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) har praksis i "Sånn er livet"-redaksjonen i NRK P2, der ho har fått sommarjobb. Elin Thingvoll **Berge** (1980) har praksis i www.nrknnyheter.no, og har fått sommarjobb og etterpå eit vikariat ut året. Olav Arne **Nedrelid** (1978), har ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal, og vert tilkallingsvikar der. Roger Sevrin **Bruland** (1977) har ekstern praksis i NRK Utanriks og vert tilkallingsvikar der og i andre nyhenderedaksjonar på Marienlyst. Eivor **Brandseth** (1985) er sjukmeld og skal ha praksis i NRK Sogn og Fjordane når ho vert frisk att.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er vikar i NRK Dagsnytt/Alltid Nyheter og Kulturnytt, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Håvard **Tvedte** (1981) er kombinert bibliotekar og researcher i NRK biblioteket. I sommar skal han både vere sommarvikar i Dagsnytt og ha sommarskule for journalistar som vil lære seg bruk av databasar. Ingunn **Viken** (1980) er vikar i NRK Møre og Romsdal og Ivar **Folkedal** (1983) i www.nrknnyheter.no.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider i Gateway College, der ho er Operations Manager for Mexico og Cuba, og studieleiar i spansk. Yngvill Kolset **Haga** (1980) har arbeidd i "Sånn er livet" sidan i mai og er sommarvikar i Musikkredaksjonen i NRK, Mona **Vetrhus** (1975) arbeider i

Barnetimen og NRK Super. Ragnhild **Bjørge** (1977) er vikar i NRK Dagsnytt og Inger Synnøve **Tveito** (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) tek lærarutdanning ved Høgskulen i Bergen. Marianne **Feste** (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril **Furu** (1984) er tilkallingsvikar i P3-nyhenda og nett ferdig med BA-grad i medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. Ingrid **Hognaland** (1986) er nettjournalist i Haugesunds Avis. Vidar **Eidhammer** (1984) studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger og er tilkallingsvikar/sommarvikar i NRK Rogaland.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) arbeider i NRK Sogn og Fjordane. Bergit Sønstebø **Svendseid** (1984) er sommarvikar i NRK Dagsnytt og Alltid Nyheter og skal til London for å studere til hausten. Erlend Blaaland **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane. Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er nett ferdig med det nordiske forfattarstudiet på Kunstakademiet i Göteborg og kjem med ny roman til hausten. Øystein **Windstad** (1983) er journalist i Trønderbladet, der han ikkje får skrive nynorsk.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er tilkallingsvikar/sommarvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett som

krimjournalist i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen. Håvard **Hamnaberg** (1978) er fast tilsett i Point Carbon, der han er redaktør for eit tidsskrift om den europeiske marknaden for handel med Co2-kvotar.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) vert frå hausten av programleiar for Newton i NRK1. Eli **Vaage** (1984) er vikar i NRK Hordaland. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett som journalist i Telemarksavisa. Birte Njøsen **Horne** (1984) er reporter i Reiseradioen og skal til New York for å studere media og samfunn frå hausten av. Janne-Marit **Myklebust** (1981) har vore vikar i NRK Møre og Romsdal i fleire år, men har foreldrepermisjon frå mai 2008.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) arbeider i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og Tekst-TV. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball, og lagar mellom anna mykje undervisingsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3. Inger Johanne **Sæterbakke**, (1981) er kulturjournalist i Kulturnytt i NRK P2 i Tromsø. Ho arbeider også for NRK Troms og Finnmark, men har sagt opp jobben for å bli marknadskonsulent i Hålogaland teater frå hausten 2008.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

"Dyktig - frodig - framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal bygge vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under "Statusrapportar".

POSTADRESSE:
Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:
Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:
Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:
nyorskmediesenter@nrk.no
NETT:
www.nyorskmediesenter.no

